



Referat frå elevrådsmøte V, tysdag 18.november (ekstra)

Desse møte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

SAKSLISTE

Sak 1: *Oppfølging av saker frå sist møte*

✓ *Eiga snøballsone på skulen*

Kvar elevrådsrepresentant la fram klassane sine forslag til korleis dette eventuelt kan gjennomførast på ein trygg og god måte.

Oppsummert frå alle klassane:

- Eiga sone: ein stad der ein er skjerma t.d ved tennisbana
 - Ei sone ein kan kaste på blink
 - Ei sone ein kan kaste på kvarandre. Skal ein kaste på kvarandre må det lagast tydelege reglar for korleis det skal gjennomførast. Om dette vert aktuelt har elevrådet fleire gode forslag til gode reglar.

Konklusjon:

Elevrådet konkluderte at dei i fyrste omgang vil gå for å få på plass ein blink. Laila tek dette med til leiinga, og lærarane på 5.-7.

Elevrådet tenkjer at det kan vere bra om ein elev frå kvart trinn får vere med å lage til blinken slik at den kan hengast opp snarast råd.

✓ *Kanonballturnering*

Elevrådet diskuterte kriterium som bør observerast for å kunne oppnå fairplay-pris.

- Vise god lagånd
- Vere ein god ballfordeler
- Gi andre positiv oppmuntring og positive kommentarar, - ironi er ikkje greitt
- Vise gode haldningar
- Følgje reglane i spelet
- Vere ein god vinnar
- Vere ein god tapar

✓ *Kantine*

Elevar med laktoseintoleranse og glutenallergi etterspør eit breiare utval av matvarer. Leiar og nestleiar skulle i møte legge fram utkast til saka. Men sidan lærarane på 5.-7. har gjort avtalar med lærar som har ansvar for kantina om dette legg elevrådet legg saka til side.

Sak 2 *SMU*

Møte i SMU tysdag 25 november kl.08.00. Leiar og nestleiar skal delta i dette møte. Representantane skal legge fram noko av det ein har jobba med dette året.

Saker ein har arbeidd med er:



Naustdal skule

- Få gjennomført ein aktivitetsdag før jul.
 - Kanonballturnering
 - Ha fokus på fair play, og ha ein fair play pris
 - Alternativ aktivitet på klasserommet

Denne dagen skal opplevast positivt for skulemiljøet til elevane på 5.-7. klasse. Argument som vart lagt fram frå elevrådet var:

- Få eit breiare utval av produkt frå Tine (skolelyst.no). Elevrådet har skrive brev til rektor
- Helseveka: kome med idear til innhald
- Snøballsone ved skulen

Sak 3: Saker som kjem til

FAU v/Kjersti G kjem til skulen på torsdag 20.november kl.11.30 for å snakke med elevråda 5-7 og 8-10. Møte vert på Naturfagrommet. Hilde og Laila vert der saman med elevråda.

Beste helsing

Olav
Referent

Lukas
Elevrådsleiar 5-7

Laila
Elevrådskontakt 5-7